



Statens vegvesen

ARDAL KOMMUNE Sentralkontoret		
Dok.nr: 05/821-1		
K-kode X53		
UO	3 - MARS 2005	T.omr. Kontor
Avgr.kode	Tilg.gruppe	Saksh. Bin
Kopi		

Notat

Til: Rune Dvergsdal
Fra: Svein Helge Frækaland
Kopi: Rapportarkivet Vegteknisk

Saksbehandler/innvalgsnr:
Svein Helge Frækaland +47 57655753
Vår dato 2005-01-17
Vår referanse:

Fv 303, hp1, Seimsdaltunnelen aust, steinsprang ved km 2,510 den31-12-2004

På oppdrag frå byggjear Rune Dvergsdal var det synfaring 13.januar d.å., sjå foto 1-4 nedanfor. Deltakarar var Jan Roy Dalheim og Sven Erik Jevnaker frå Årdal kommune og Dvergsdal og eg frå vegvesenet.

Situasjon:

Steinspranget gjekk 31-12-2004. Anslagsvis 20 m³ fjell har løsna ved sleppområdet ca. 40 høgdemeter over vegbana og spreidd seg i fjellsida nedover mot vegen. Steinblokker kom ned både på fylkesvegen ved tunnelopninga og ved portalen til tilfluktsrommet til Årdal kommune. Tilfluktsrommet hadde til då vorte brukt som lokale for ungdomsklubben. Ingen personar eller køyretøy kom til skade ved hendinga.

Rasregistret viser to steinsprang her 25-9-1996 og 11-4 1997 truleg frå større høgde. Det er ferske spor i terrenget etter steinsprangaktivitet i det bratte terrenget over tunnelopninga og portalen til tilfluktsrommet, sjå foto 4. Gneisbergarten i området er mykje oppsprukken både i flate og vertikale plan, sjå foto 3, noko som viser overheng etter steinsprang fleire stader i fjellsida. Aktiviteten med steinsprang frå denne fjellsida vil difor venteleg fortsetja.

Tiltak:

Området over tunnelmunninga og portalen for tilfluktsrommet bør snarast farast over for å leggja ustabile steinblokker stabilt.

Ein tilrår vidare at det vert bygt eit 4 meter høgt og oppimot 50 meter langt fanggjerdje for steinsprang over tunnelmunninga og portalen for tilfluktsrommet som vist på foto 1.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger


Telefon 81 54 40 10
Telefaks 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordvn 18
9815 VADSØ
Telefon 78 94 15 50
Telefax 78 05 22 22



1: Fv. 303, Seimsdaltunnelen aust, km 2,510, 13-01-2005



2: Fv. 303, Seimsdaltunnelen aust, km 2,510, 13-01-2005



3: Fv. 303, Seimsdaltunnelen aust, sleppområde, 13-01-2005



4: Fv. 303, Seimsdaltunnelen aust, steinmassar over tunnelopninga, 13-01-2005